

NVE Konsesjonsavdelingen
Seksjon for småkraftverk (KSK)
nve@nve.no

DERES REF:	DERES DATO:	ARKIVKODE:	VÅR REF:	STED:	DATO:
201000704	03.03.2015		David Inge Tveito	Billingstad	18.05.2015

Kommentarar til høyringsuttalane i samband med konsesjonssøknad for Hellevang Kraftverk i Førde kommune i Sogn og Fjordane.

Me viser til e-post av 3. mars 2015 med link til 8 høyringsuttalar til konsesjonssøknaden for Hellevang kraftverk.

Me håper at våre kommentarar er tilstrekkeleg underlag for NVE si sluttbehandling av konsesjonssøknaden.

Med venleg helsing
For Hellevang Kraftverk SUS

David Inge Tveito
Norges Småkraftverk AS
Dagleg leiar

Innhald

Kommentar til uttalane frå:

1. Førde kommune
2. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune
4. Statens vegvesen
5. Sogn og Fjordane Turlag
6. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
7. Sunnfjord Energi Nett AS
8. SFE Nett AS

1. Førde Kommune (FK), datert 18.02.2015.

Førde kommune har gjort positivt vedtak for Hellevang Kraftverk.

Det vert peika på at det er 3 tilhøve som må få ekstra merksemd. Dei er at det bør vurderast omløpsventil, kulturmiljø/kulturlandskap og krav om støydempande tiltak.

Kommentar:

Omløpsventil vert montert dersom NVE krev det i konsesjonen.

Detaljprosjektering vil verta gjort etter NVE sin mål og krav, og det vil prøvd å unngå konflikt med kulturmiljø.

2. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FYM), datert 06.03.2015.

FYM konkluderar med å rå frå konsesjon med bakgrunn i raudlistearten Kystflope og Sjøaure.

Kommentar:

Viss NVE kjem fram til at det også bør utførast el.fiskeundersøking og bonitering av botnsutbygging på anadrom strekning ovanfor planlagt kraftstasjon, slik som foreslått frå BM-konsulent, vil utbygging få det utført.

Når det gjeld behova til Kystflope, så treng den i følgje BM-rapporten å verta nedsenka i vatn i løpet av vekstsesongen. Slik utbygging vurderer det, vil det med utgangspunkt i eit median år, vera mange periodar med stor vassføring langt over maksimal slukeevne. Dette bør vera tilstrekkeleg til å bevare Kystflope slik me ser det.

Omløpsventil vert montert dersom NVE krev det i konsesjonen.

3. Sogn og Fjordane Fylkeskommune (SFFK) datert 27.02.2015

SFFK rår til at det vert gitt konsesjon med føresetnad om at kulturmiljø/kulturminne ikkje vert skada eller øydelagde. Dei har også innspel om at ein bør vurdere å flytta stasjonen lengre i frå fylkesvegen.

Kommentar:

Detaljprosjektering vil verta gjort slik at det vil bli prøvd å unngå konflikt med kulturmiljø.

Utbygging har vurdert fleire stasjonsplasseringar, også med elvekryssing, men har funne ut i frå ei heilskapsvurdering at dette er den beste plasseringa av stasjonen.

4. Statens Vegvesen datert 16.12.2014

Kommentar:

Innspela til Statens Vegvesen når det gjeld avkøyring er teke hensyn til i utforminga av planane for kraftstasjonsplassering og avkøyringa der.

5. Sogn og Fjordane turlag datert 05.03.2015.

Dei meiner at kraftverket er i lite konflikt med friluftssinteressene og at utbygginga er fullt ut akseptabel. Dei meiner også at omløpsventil i kraftstasjonen må vere eit krav.

Kommentar:

Omløpsventil vert montert dersom NVE krev det i konsesjonen.

6. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane datert 27.02.2015

Naturvernforbundet er ikkje einig med konklusjon frå BM-rapporten om at minstevassføringa er tilstrekkeleg for å halde skogbiotopen ved like.

Kommentar:

Minstevassføringa i prosjektet er sett til 10-persentilen etter anbefaling i BM rapporten.

7. Sunnfjord Energi Nett datert 25.02.2015

Sunnfjord Energi Nett har gitt tilbakemelding om at det ikkje er nettkapasitet utan store investeringar.

Kommentar:

Utbyggar tolkar det slik at det må påreknast 3,73 MNOK/MW installert effekt viss Hundsåna, Hellevang, Marka, Torvik og Ervikselva vert bygd ut. Dette tilseier 7,46 MNOK for Hellevang. Det er 5,35 MNOK meir enn utbyggingsbudsjettet i konsesjonssøknaden.

Viss det vert gitt konsesjonar og utbyggingane vert slik, vil Hellevang få ein utbyggingskostnad på 38,75 MNOK som tilvarar 5,78 kr/kWh.

8. SFE Nett AS datert

Ikkje relevant for Hellevang.